

**Fra:** Bjorkelo, Birte (NO - Bergen) (bbjorkelo@DELOITTE.no)  
**Sendt:** 27.03.2015 14:54:51  
**Til:** Kjartan Haugsnes; Roald Breistein  
**Kopi:**

**Emne:** Vedrørende selskapskontroll av Storeholemen VTA AS  
**Vedlegg:**

Viser til selskapskontroll av Storeholmen VTA AS (No Hardanger AKS) som er bestilt av kontrollutvala i Kvam herad og Hordland fylkeskommune.

Vi sendte oppstartsbrev til selskapet 27.1.2015 der vi bad om å få tilsendt spesifisert dokumentasjon, samt oppnemnt ein kontaktperson for selskapskontrollen. Frist for å få tilsendt dokumentasjonen var satt til 10 februar.

Vi mottok ein tilbakemelding på denne førespurnaden 11.02.2015 frå dagleg leiar. Han skriv at selskapet er midt inne i en ISO sertifisering som er venta ferdig 29 april og at han ber om forståing for at selskapet vil ha problem med å svare før denne tid.

Vi vidaresendte denne meldinga til sekretariatet for kontrollutvalet i Kvam herad - Kjartan Haugsnes. Vi blei einige om å prøve å finne ei løysing som kunne gjere det mogleg å få rapporten klar til kontrollutvalsmøte i juni.

Vi sendte ein ny e-post til dagleg leiar 16.02 der vi skreiv at vi kunne utsette fristen for dokumentasjon til 16. mars og at vi ønskte å gjennomføre intervju veka etter. Vi ga også informasjon om at desse datoane var sett slik at vi kunne skrive ferdig rapport innan den fristen vi har fått av kontrollutvalet.

Revisjonen sendte ein e-post til dagleg leiar i selskapet om at vi ikkje hadde mottatt noko dokumentasjon 22.03. Vi fekk svar same dag der det gjekk fram at selskapet skal ha ISO sertifisering 28-29 april og at dei har problem å levere noko før det. Selskapet håpar det er ok.

Revisjonen ønskjer å informere kontrollutvala som har bestilt denne selskapskontrollen om at manglande dokumentasjon frå og intervjuavtaler med selskapet gjer at gjennomføringa av selskapskontrollen blir forseinka. Leveringsdato for rapporten vil avhenge av at revisjonen får naudsynt dokumentasjon og intervjuavtaler.

Mvh

**Birte Bjorkelo**  
Director | ERS  
Deloitte AS  
Dronning Eufemias gate 14, 0191 Oslo, Norway  
Tel/Main: +47 23 27 90 00 | Mobile: +47 928 98 908  
[bbjorkelo@deloitte.no](mailto:bbjorkelo@deloitte.no) | [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no)

**\*Disclaimer:\***

This message (including any attachments) contains confidential information intended for a specific individual and purpose, and is protected by law. If you are not the intended recipient, you should delete this message and are hereby notified that any disclosure, copying, or distribution of this message, or the taking of any action based on it, is strictly prohibited.